


En samling minner fra fjell-garden Brattebø



Brattebø er en fraflyttet fjell-gard siden 1924.
Den ligger i heia nordenom Ørsdalen i Bjerkreim.

Aaland Gård, november 2010
Paul Tengesdal

**Barndomsminner fra Brattebø
fortalt av Lisa Vassbø**

*

**Flere minner fra Brattebø
nedskrevet av Walborg Løvbrekke**

*

**Minner fra området
nedskrevet av Tengel Austdal**

*

**En fjelltur frå 1938
nedskrevet av Solveig Svela**

*

**På gamle tomter
nedskrevet av Alma Vassbø**

*

Disse artiklene er hentet fra Bjerkreim Bygdablad
nr. 10-1980, nr. 4-1981, nr. 4-1986 og nr. 11-1987.
I tillegg er det tatt med andre foto og illustrasjoner.

Barndomsminner fra Brattebø

fortalt av
Lisa Vassbø (1906-1992)



Garden Brattebø i Bjerkreim, sett innover mot Kvitagarden i aust.. Foto: Utlånt av Tolleiv Gjedrem.



Heimehuset i Brattebø: Foto: Alf Veen ca. 1960.

BARE GODE MINNER

Heiegardane Hommæ, Ausdal, Brattebø og Kvitli har tidlegare vore busette, dei to sistnemde ut i dette århundre. Ja i Kvitli som var den siste av desse gardane som vart fråflytta, var det fastbuande folk fram til 1946. Og det budde mange mennesker i denne grenda. Kring århundreskiftet vert det fortalt, var det så mange ungdomar her at dei samlast om søndagskveldane til dansemoro. Då var det ikkje folk i Hommæ lenger, men Bjordal var med blant dei veglause gardane. Men enno finst det folk som har budt i Brattebø og som kan fortelja om livet der.

Lisa Vassbø er født i Bjordal. Foreldra var Jonas Brattebø og Abigael frå Grøtteland. 3 år gammal miste ho mor si. Faren sat att med 4 morlause born i alderen 1 til 8 år. Han flytte til Stavanger og her gjekk Lisa dei 2 første åra på skulen. Men faren treivst ikkje så godt i byen og då krigen (første verdenskrig) kom, meinte han det måtte vera lettare å skaffa mat til familien om dei hadde jord. Han hadde då vorte oppatt gift og då det eine bruket i Brattebø var til sals så kjøpte dei dette. Seinare pakta dei andre bruket og.

Her budde Lisa fram til 1922 då ho 16 år gammal tok ut i teneste, m.a. på ein storgard på Utstein Kloster. Faren var då flytt til Hytland. Han miste den andre kona si og. Ho døyde frå 6 born i alderen frå 3 veker til 12 år. Lisa måtte då vera heime ei tid og hjelpa faren med husstellet. Siden vart ho gift med Ingvald Vassbø og bur framleis i Ørstdalen. men det var ei hardt slag då ho på kort tid miste mannen, svigerdottera og yngste sonen. Livet vart ikkje det same etter dette.

Når ho ser tilbake til barndomstida så kan ho minnast frå Bjordal ei gjente som skulle lesa for presten. Tenesteguten var med og skulle ro over Lonæ men kom for langt ut mot elveosen og båten vart dregen ned elva og dei miste då livet begge to. Frå Brattebø har ho bare gode minner. I Kvitli som ligg nær ved budde det bare eldre folk, men det hende at det kom born på vitjing hit.



På trappa i Brattebø. Fra venstre Magnus Nødland, Arnfinn Byrkjedal og Kristian Gilje.
Foto: Alf Veen ca 1960.

Om det ikkje kunne vera stusleg å bu så einbølt? Jau første 17. mai eg var her oppe då gret eg. Sidan vart eg vande med det og treivst godt. Me var tidleg med i all slags arbeid. På garden var det hest, kyr, og geiter, sauvar og høner. Om sommaren mjølka me på lego ikkje så langt frå tunet. Her var det sommerfjøs. Det vart brukt slede til å køyra høy, hevd og ved, men til dei mest brattlende jordene måtte dei kløvja hevde. Det meste av høyet vart og bore i hus Dei dyrka poteter

og havre som vart malen på eigen kvern. Under krigen var det rasjonering av brødmjølet, så dei måtte spe på med havremjøl til flatbrød men også til graut. Dette mjølet var ikkje alltid like godt sikta og grauten smakte då heller ikkje alltid like godt. Det vart brukta mykje geitemjølk i hushaldet, mest kvar dag i heile sommarhalvåret var det skilt på bordet. Maten kokte dei i grua. Brødmaten var då syrekaker som vart steikte i gryte. Seinare fekk dei komfyr og kunne baka brød. Men symaskin hadde dei med frå byen. Det var nøgda av bær og dei henta molter, blåbær og tyttebær i store mengder. Om de selde bær? Nei det kan eg ikkje minnast. Det var vel for tungvint å føre dei fram til torgs, så dei vart brukta i eige hushald.

Ellers gjekk det meste av sommaren med til slåtten. Far hadde 7 utlører som skulle fyllast med høy frå utslåttene. Eg var då med og raka høyet saman i kvirlar. Romegraset skulle breiast tynt i, men fingraset kunne liggja i tjukkare lag. Frå dei mest våtlende stadene og frå skogen måtte me raka eller bera graset til stader der ein kunne få betre turk på det. Dette høyet bar far min på ryggen inn i løa, og det var eg som var med og reiste han så han skulle koma seg på føtene med børa på ryggen. Avdråtten som vart seldt frå garden var smør og slakt. Slaktedyra kunne gå til bygds på eigne bein men smøret måtte dei helst bera på ryggen. Likeeins med andre varer, så dei måtte i stor mon nytta sledeføret om vinteren til å få matforsyningar og også andre varer til gards. Om vinteren vart det fanga mykje ryper. Det var godt med fugl i den tida og det var sjeldan dei kom heim tomhente. Dei tok då gjerne turar til Egersund og selde viltet. Det gjekk med mykje ved til koking og til varme, så det vart gjerne vinterarbeid å få fram denne veden.

Om sommaren kom det ofte folk til gards. Skyldfolk, vene og kjenningar innan og utanbygds frå, og så var det folk som låg i heia og gjætte sauер. Far min var og med og hadde tilsyn med sauene i Brattebøheia, gjekk kanten som dei sa.



Kverna i Brattebø. Foto: Alf Veen ca. 1960.

Vinterstid var det mindre ferdsel. Då hadde me mykje moro med å renna på ski. Bror min og eg tok tura til skyldfolk i Maudal, gjekk fram og tilbake utan å ta skiene av. Eg kan og minnast at far var med og bar malm frå gruvene på Vassbø heia og han kunne då vera borte heile veka.

Korleis var det med skulegangen? Tidlegare hadde det vore skule i Brattebø, men ikkje i mi tid. Eg gjekk på skule delvis i Bjordal og delvis på Netland der eg hadde skyldfolk. Når me skulle lesa for presten så måtte me gå heimanfrå dagen før og overnattta i Ørsdalen. Gjekk så dagen etter til fots til vatnet, og oftast også frå vatnet til kyrkja og vidare ut til Kleivæ til P.H.Vinningland og

handla. Så var det same vegen heim att med ny overnatting i Ørstdalen. På vegen ned bar me med smør og på vegen heim varer til huset.

Frå Eik til Brattebø om Austdal er det 2 timars gange. Om det falt langt å gå denne strekkja? Ja når det var varmt, og me måtte bera tungt kunne det vera drygt nok. Kortaste vegen til dalen var ned Jodå til Hovland. Men her var det brattare og meir ulent å gå, så denne vegen har eg gått bare eit par gonger og så ikkje åleine. Særleg godt minnest eg ein gong eg var med stemor mi. Ho bar eit barn på ryggen. Me skulle nå båten og tok ut heiman frå kl. 4 om morgonen. Det var vinter og så hard skare at me ikkje kunne bruaka ski. I bratthenget ned mot Austdal måtte me trø merker i snøen for å få fotfeste og ikkje koma på rek.

Lisa Vassbø har no opplevt at heiane vert tekne i bruk til andre formål enn å skaffa mat til dyra og i neste omgang mat til menneska. Fritidsinteressene har kome sterkare inn i biletet. Sonen hennar er med og byggjer ut Stavtjørn Alpinsenter, og dette har ho interesse for, kanskje fordi ho sjølv var så vande med og fann så mykje glede i å bruaka skia i barndomen sin.

To gonger har ho vore i Brattebø etter at ho flytta derifrå. 40 år er det sidan siste gongen. Huset dei budde i står der framleis, men ho har ikkje så stor tru på at ho kan koma dit att. Det einaste måtte vera om det vart godt føre med snøskuter. Ho minnest nå barndomstida i Brattebø som den gildaste tida i livet. Me var ikkje så kravfulle då. Me kunne vera nøgde med lite. I dag med all velstanden ser ein kor det ofte kan vera vanskeleg å sameina dette med andre verdiar slik at ein får eit meinigsfylt tilvære.

Flere minner fra Brattebø

nedskrevet av
Walborg Løvbrekke (1907-1997)

Det var så hyggelig å sjå igjen bildet av Brattebø, både uthus og kvernhus. Ja, eg såg bildene i Bygdabladet, og det vakte til live gamle minner fra barndomsåra. Jeg var meget i Brattebø som barn for det var min nest eldste søster som var gift med Jonas Brattebø. Dessuten er vår ætt som er kjent gammel. Ja, eg får nemna det på den måten, for mine tipp-tippoldeforeldre nedstammet der fra. Det var Halvar i Homma, og Haddvar i Lonæ og Bjødn i Tonæ. Tonæ den ligg på andre sia av Brattebø.

Jo, vi var i Brattebø i skuleferien om sommeren. Og den aller første gangen jeg kan huske at jeg var der da var jeg litt over 8 år. Og vi budde på Hytland. Og vi ungane hadde mykje moro der oppe. Og for å si som Lisa Vassbø - så tror jeg at jeg trygt kan si at det var mine koseligste uker i barndommen. Jeg og Lisa var gode venner, og sammen breiddet vi mye bakkane der, og hadde mye moro. Det gamle kvednhuset, ja, der var vi og, og vi holdt oss i bekken der. Vi plukka blåbær og knuste dem i en stein som det var ein forjupning i, og så slikka vi en gong hver.

Ein gong skulle vi etter geitene i Tonæ, de hadde lagt ute, og andre dagen skulle vi hente dem hjem. Der oppe på høgaste kanten stod en diger, stor stein. Og Lisa og Alma Kvitlen hadde tippa med min bror og hennes bror at vi skulle komme oppå den steinen. De mente nei, og vi mente jo. Så da vi var mest oppe på steinen, såg vi at Halvar og bror min, Godtfred, gikk på andre sia av åna, skulle visst ned til Bjordal eller Hovland. Lisa var alltid så modig, hun kom seg opp på steinen og stod og ropa og vinka til de to.

Vi var og mykje i Kvitlen. Viljen Kvitlen hadde en gramofon med et digert horn på, og mange fine plater så vi spela og dansa. Mor sette opp en vev, og skulle veva "vadmel". Og vi sat og

"gropsa" og kara, kvitt og svart, så det blei lysegrått. Jeg måtte rulla, som det het. For mor sa at jeg lagde så fine rulla, som hun kunne spinna. Jo, vadmel blev det, ullteppe som de kalla "Kvittla" og det blev skjorte til mannofolka og skjørt (stakka) til Lisa og Berta.

Kan tru det var ett vakkert syn når vi hadde kommt inn i enden på Lauarvatnet, og ett stykke innover - og så innover i Kvitalheia. Jeg sa det var de "tusen sjøers land". For vasspoddlane spegla seg så nydeleg i solen, det var som skjære eventyret.



Garden Kvitlen ca.1960. Foto: Alf Veen.

I den første tida vi reiste til Ørsdal, da tror jeg det var nogen som rodde ut og opp vatnet med post og folk som skulle handla på Bjerkreim. Vi hadde vore i Brattebø i 6 uker, tror jeg, og skulle hjem igjen. Så vi gikk ned om kvelden og overnatta hos Grethe på Eik. Me måtte over den åa, det var nogen gangsteiner å hoppa på, men så var eg så uheldig at eg mista ene skoen og sokken i åa. Den tia var det heimespøtte sokka, mor hadde farga dem lillablå. Ja, dere kan tru eg grein for tapet av sokk og sko.

Me kom ned til "Litl-Ola Vassbø" som han blev kaldt. Og der fikk jeg nogen sko som hadde vore Alma Vassbø sine. De var nå i største laget, men me skulle bare ut med båten til Hytland så. Men må du kje tru at dei som rodde var kommet nogen meter ut på vatnet. Mor ropa og vinka, men de ville visst ikkje ha oss med. For de som måtte gå opp igjen til Brattebø, ja, det var me. Så måtte Jonas ta avsted neste dag og ro oss ut vatnet. Han var ikkje blid for det, for han var jo opptaken av slåtten. Men så fekk han seg en tur til bygds. Og det telde, det og.

HULL I PRAMMEN

Ja, ja, en gong var Jonas kommet ut i enden på "Lauarvatnet" med 'pråmen' , det var en liten båt de rodde for å sleppa å gå ut stronna. Det var 5 stykker av oss som skulle fraktes over vannet. Så viste det seg at det var blitt hol i bunnen på pråmen. Og Jonas tok av seg hua og la på hullet, og så måtte jeg sitte oppå der, forat den skulle holde seg på plass, det var kaldt i enden, men det gikk da.

I SNØ PÅ LAVE SKO OG TYNNE SOKKAR

I desember 1921 skulle min eldste bror gifta seg med ei jente frå Ålgård. Jonas og Berta tok den little datteren på ett par uker med, og blev med i bryllaupet. Det blev snø mens dei var vekke. Me budde då på Vikeså. Og så var det at eg fekk slik lyst å vera med dei opp igjen til Brattebø. De andre talde meg i frå, men eg tenkte ikke på at det var så masse snø der. Sist vi var der var det sommer.

Ja, ja vi overnatta hos Bertine Vassbø, og tok avsted dagen etterpå. Jonas med Jenny i fanget og Berta med matvare i pakkene og så jeg på lave sko og tynne bomullssokka. Det gikk bra til vi var kommet innenfor Hovland. Men oppe ved "Stegane" var det skare snø, og følt vondt å gå. Jonas for avsted som en villbukk, han var så vandt med å gå. Berta pila seg etter så godt hun kunne. Men stakkars meg, jeg var så redd at vi skulle gli ned i ånæ - og klorte fingrane fast i snøen, grein gjorde jeg også - og fraus. Var blitt dyvat på beina, og våget ikke å si noget, for hver hadde nok med seg og sitt. Og det var meg sjølv som ville vera med.

Då me kom så langt som til "Bulega", da var det så mye snø at det gikk langt opp på livet. Men vi kava oss i veg. Varmen haldt me så nogenlunde av anstrengelsene. Endeleg stod vi i huset i Brattebø, men det var kaldt der og. Og det var ikke det spor moro som jeg hadde tenkt, og då trega eg, ja eg skjemdest rett og slett. Koma der når det var vinter, - og lite mat i den tida, og vondt å få det fram. Men om jeg gret med meg sjølv, og ba til Gud at han måtte tilgi meg som hadde vore så dum og toke på denne vinterturen.

Men då me hadde fått varmt i livet og varmen i kroppen, da kom det seg. Eg blev verande der ei veke for det blev jul og masse snø. Ein av juledagane ville me unge til Kvitlen på ski. Jeg hadde aldri hatt ski på bena, men Lisa og Halvar var stormeistarar etter mitt skjønn. En ettermiddag bandt vi på oss skia og så bar det i veg. De andre to for som ingen ting innover snøen. Men eg, ja eg, eg rendte skituppane fast i snøen, same kor flink eg syntes eg var til å sjå meg føre. Men endelig så kom vi inn til gangssteinane midt for Kvitlen: Men så hadde åa kjøva opp så det var uråd å komma over. Men dei andre visste råd - det var av med skia, sko og sokka, opp med kjolen og så vassa over. Det var kaldt det!

Heldigvis låg ikkje husa langt frå elva. Og då me kom inn i varmen var det herligt. Ja, det formeleg brann i både føtter og hender. Me fekk kaffi, lefsa og gomme, og pannekaker. Du så deilig me totte det var. Tønnes Kvitlen bodde i ene stova med mora. Viljen og Vilhelmine bodde i andra, og så var det å spela gramofon og le og tøysa. Viljen låg i ei av sengene og såg på oss . Kva slags tanker han gjorde seg aner jeg ikke.

Mellom Jul og Nyttår skulle Tønnes Kvitlen og Vilhelm Brattebø utover og handla. Tror det var "Lillegutt" som gikk i den tida. Me hadde på skiene og for oppover med huset i Brattebø, de kaldte det, opp på Hove, og så bar det ut bakkene. Dei to mannfolkene var skjære profesjonistane på ski, jeg pigga etter på beste måte. Ut Lauvarvatnet gikk det godt, men då me kom oppå der me ser nedover til Austdal, blev det både bratt og skare snø. Så sa Tørmes mens han hivde seg i høgra aksla og sa "hemm". "Nå får Velem ta dine ski på aksla, og så får eg ta deg på ryggen. Og så renne me ned bakkane" . "A nei, å, nei, sa eg, dette våger eg aldri i livet, tenk om me farer ned i dalen med Austdal. Nei, å nei, og så sitte på ryggen til Tørmes -- Ja, ka trur de. "A nei, men dei tok skia og gikk stundom oppå snøen, og stundom sokk me djupt ned. Jeg måtte bare stå og niglo for dei sett seg på skistavane og på en blunk var dei oppå kvednabekken overfor Eik. Der stod dei og såg om eg kom etter. Jau, det gikk visst bra, synest dei. Og så sette dei i gang i igjen. Eg trefte dei ikkje igjen. før neste dag på båten ut vatnet. Eg overnatta hos Bertine Vassbø. Veit ikkje kor de andre blev hen.

TENESTEJENTE PÅ BRATTEBØ

Sommaren 1922 var eg jenta på Brattebø. Eg var 15 år. Berta venta seg en liten det året. Det


blev stritt for meg, var ikke stort vant med tjenestepike tilverelsen. For når vi var konfirmert da reknast vi for vaksne å vera, og måtte ikkje gå å driva dank. Så det var breiing og høying og melking av både geiter og kyr.

Arne Gjedrem hadde gjellbukk gående på beite der oppe om sommeren. Og der gjekk ein sint stut å beita. Berta sa dette til meg då eg skulle ut på lego om kvelden og molka. Og eg som var livende redd stuten. Jo, jeg tok bøtta og gikk, kyrne var ute med Lauarvatnet. Og eg sette mot i brystet og la i veg mens jeg tenkte, "her hjelper ingen kjære mor". Då eg kom halvegs ut, så kom det ei Aasgårdsrei med kyr farande heimover. Eg såg den siente stuten kom brølande. Jau, nå var gode råd dyre.

Eg samla Stein i kjolen, og heldigvis var der en stor Stein. Så eg gikk på baksia og kom meg opp - så godt at ingen såg meg, tenkte eg, der eg hang og skreva oppetter steinen. Stuten kjende visst folkelukt og kom farande hit, mens tonga var langt ut av kjeften, og han grov i ei tuva så den skvatt høgt til vers. Eg heiv nogen steina mens hjarta hamra i brystet, og eg hiksta og tenkte om Jonas kom for å se etter meg. Men nei, ingen kom.

Men kyrne ville melkes, så de for av sted og den siente stuten etter dem. Eg etter for å passe på at ikke heile bølingen for inn i fjøset, heldigvis, jeg fikk lurt inn dei 4 kyrne som skulle melkes og stuten vaste seg vekk med nogen ungdomer. Då eg var nesten ferdig med sista kua, det var ei svart med bjødla om halsen, kaldt Bjønnrei. Så med ett begyndte det å sjelva i fjoset og da forstod eg at stuten hadde kome oppå taket.

Jeg venta hvert minutt at den kom deisande ned. Så eg gav meg ikkje tid å melka ferdig, men fikk løyst kyrne, og opp med dørå, og ut med dei. Selv tok jeg melkebøtta og ned i rennetaket, og ut og nedover lega. Og ned til åne, over den og hjem til Brattebø det fortaste eg varm. Aldrig har eg vore så redd, tror eg.



«D/S Lillegut» ved bryggja på Vassbø i året 1900. Den var da ny på Ørsdalsvatnet.

Denne båten gikk i fart når Walborg var tjenestejente på Brattebø.

Foto: Erik H. Torjusen. Dalane Folkemuseum.

Då hausten kom, hadde Berta vert i Egersund, og da hun kom hjem igjen så sa hun: "Du må klæ deg om, og koma deg avsted ut, for Arne Gjedrem skal ut med sauern i kveld, så dersom du er snar, kan du vera med ut. "For mor er så sjuk, du må reise heim. Vel, eg kledde meg i hu og hast -og

det bar utover i rasende fart. Jeg våget ikke ta prammen. Men for ut nedetter på kanten av Lauarvatnet. Synes at det aldri tok slutt før jeg for ned den siste kneiken ut i enden på vatnet. Og da bar det avsted i fullt tras. Midt føre Austdal sprakk treskoen min i to. Vi gikk på tresko i den tida. Og den la eg oppe på en stein. Tønnes Kvitlen hadde funnet den seinare, blev det sagt. Jaja, då måtte eg bare springa på sokkane. Hadde ikke tid å bytta. Så bar det oppover til bruia, og ned igjen på andre sia. Tror neppe nogen løper har løpt forttere enn hva eg gjorde, for jeg måtte jo nå båten.

Då eg kom til Litl- Ola, stod det en flokk mannfolk og lo, syntes jeg så han som første båten i den tida. Det var Hans Henriksen. Men jeg var så flau og redde mannfolk at eg sette opp farten og spurta forbi. Så var det en som ropa: "Kor skal du av". Jau, eg sko ut med båten, var svaret. Båten går ikke før i morgen, blev det ropt. "Kor vil du vera i natt?". Ja, eg får gå på Plasset, sa eg; Ta inn i det huset som alle mannfolka stod, nei det våga eg ikkje.

Ja, ja neste morgen kom dei hit med bod om at båten skulle kjøra den og den tid. Og så bar det heimover. Mor hadde flytta til "Fossen" (Sætre). Og hun var på Netland den natten. For hun hadde vert hos doktoren om dagen. Og det var Dr. Munske Mohn. Ja, det blev trist jul, for mor døde føre Jul og jeg blev da med min søster til Bergen etterpå. Der var jeg i 3 år, så reiste jeg hjem og var hjemme i 2 år. Så reiste jeg og min yngste søster bort i to år. Men eg lengta hjem så følt, så vi reiste hjem igjen en tur til Hytland. Da var min søster der død i mellomtida. Og mens vi var hjemme døde vår søster i Bergen. Nå synes vi ikke det var moro mer å reise bort igjen, så vi blev verende hjemme.

Jeg havna her oppe i Lauperak hvor jeg har vært i 50 år. En gang for mange år siden var jeg en tur oppe i Brattebø, men da var husene på andre garden døtte ned. Fjoset til Jonas var og døtte ned. Og huset i Brattebø var mindre. Det var meg og Gustav Brattebø og Jernny og Oddvar Vassbø som var der en tur. Mens jeg og Jenny hvilte oss så kom Tomas Vassbø, han hadde vert i Kvitlen og sett om sauene. Og der på trappa tok Jenny billed av meg og Tomas. Ja, jeg kommer nok aldri dit opp mer, men det hadde vore gildt med en tur. Sender hermed en hilsen til alle på Brattebø.

Hilsen Walborg Løvbrekke.



Flott bilde fra Bjordal nær Espenes. Fra venstre Arnfinn Byrkjedal, Kristian Gilje og Alf Veen.
Garden Bjordal ligger i bakgrunnen av bildet.
Foto: Magnus Nødland ca 1960.

Minner fra området

nedskrevet av
Tengel Austdal (f. 1912)

Eg er fødd og oppvaksen på den garden som ligg nærmest kyrkja på Bjerkreim. Far min var kyrkjetenar og gravar. I den tida kjørte de presten med hest frå Helleland. Han tok inn hjå oss og skifta på seg prestekjolen, og gjekk så rett over marka til kyrkja. Folk kom kjørande med hestar, frå mest heile bygda. Frå Tengesdal, Heie, Bygda og fra Ørsdalen kom båten kvar søndag når det var preik. Hestane stod ute og åt høy av ein sekk. Men så vart det bygd stallar til dei. Ein stor stall med 2 båser til kvar dør. Folk møtte godt fram til kyrkja i den tida. Dei ville høyra ordet, dei ville treffa slekt og vener, og for å høyra nyhende og kunngjeringar som lensmannen stod på steinen og las opp.

Så var det ein 1. pinsedag med høgtidspreik. Mange folk og hestar var samla. Då folk kom ut av kyrkja var det ein hest som hadde fått spent av ein fot. Høgtid eller ikkje, hesten måtte avlivast. Me som var born følgde med i alt som hende. Eg gløymer aldri det synet då den store fine hesten var avliva. Dei heiste han opp med ein steinbukk. Etter dette vart stallane ombygde, så det vart ei dør for kvar bås. Ja, nå er stallane borte for godt, ikkje ein hest er å sjå, men minnene står att.

Så var det våren 1924. Eg var 12 år. Far var død året før. Bror min som var eldre enn meg var i militæret. Sauene skulle til heis. Mor hadde leigt ein mann til å klyppa sauene, og han lova å vera med å jaga dei til heis. Dagen kom, men mannen kom ikkje. «Du må bara ta i veg», sa mor, «for båten er bestilt og mannen kjem sikkert». Ho var med å jaga sauene til Odlandstø der «Ørsdølen» låg. Folk var hjelsame og me fekk sauene ombord, ca. 70 stk. med stort og smått. Med båten var og Luther Ødegård med ein like stor flokk. Båten måtte gå, men mannen kom ikkje.



«Ørsdølen» vart bygd året før Tengel var med sauene til heis.
Foto: Ukjent fotograf.

Då me kom til Vassbø sleppte me sauene på land. Dei tok avstad innover Vassbø i tanande renn, for dei visste vegen. Det var bare å fylgja etter. Men då dei kom over Hovlandsbrua spredde dei seg over heile Eikemonane for dei var svoltne etter ein lang dag. Eg kunne ikkje få samla dei att. Det småregna. Eg sette meg på ein Stein og gret så tårene rann.



Det småregna. 12 år gamal, heilt aleine med 70 svoltne sauar som ikkje kunne samlas. Det var ikkje rart at Tengel satte seg på ein Stein og gret så tårene rann.

Illustrasjon: Paul Tengesdal


Kor lenge eg sat veit eg ikkje. Det hadde teke til å mørkna. Då stod Hans Hovland framføre meg. Han var båtførar og visste korleis det hekk saman. «Kom og fylg meg heim, sauene har det godt, dei». Då vart eg glad. Eg fekk mat og ei god seng å sova i. Eg sov som ein Stein!

Om morgonen kom Hans inn og sa: «Nå må du koma og få mat. Eg hadde snakka med Luther, du skal få jaga saman med han. Tønnes Kvitli er komen og skal hjelpe dykk å jaga opp til Kvitli».

Det gjekk greit. Det var ikkje mange timane før me var framme. Der stod Viljen, bror til Tønnes og mora. Dei var med så me fekk skilja sauene. Tønnes sa at han skulle jaga sauene inn til Sirlknuten, der dei skulle vera. Far hadde leigt beite der. Det hadde me i mange år.

Så var det heile over for meg. Det var bare å koma heim att. Det gjekk godt, for alle var så hjelsame og gilde. Folk var soleis før i tida.

Tengel Austdal



Driftevegen sauene følgte: fra Vassbø – Hovland – Loni ved Bjordal – austsida av Kvitlaåne – Kvitladalen til Sirlknuten

En fjelltur frå 1938

nedskrevet av
Solveig Svela (f. 1917)

Me var ein flokk ungdomar som reiste opp til Ørsdalen ein laurdagskveld. I den tida var det mykje ungdom der oppe. Dei var flinke til å halda ihop og kosa seg med seg sjølv med ymse moro. Me som var framande hadde hug å sjå dalen til endes og ville gå til Brattebø og Kvitli.

Sundagsmorgenon tok me i veg med kaffikjel og god mat, lefse og pannekaker var blandt det beste med hadde med oss. Det var rundt den 20. juli og folk hadde fått inn høyet, berre snaue voller var å sjå opp etter dalen.

Me var unge og godt i form, lette på foten og godt i humør, alt var berre moro og løye. Me prata og lo og var svært så oppsette på denne turen. Dei fleste av oss hadde aldri vore så langt oppe. Me starta frå Vassbø og gjekk over Hovlandsbrua og bort til Eik. Der ifrå tok me opp «Kvednabakken» og den var så støytande bratt at me kunne mest bita i marka, så me var glade då han endeleg tok slutt. Vel oppkomne måtte me setja oss og kvila og nyta utsynet.

Ørsdalen er vakker med flate fine gardar og sletter. Dei høge fjella på begge sider dominera veldig og gjer det storslege. For oss som ikkje er vane med så høge fjell virka dalen noko innestengd og trong og kanskje litt trykkjande og auga søker etter utsyn utover vatnet.

GARDEN AUSTDAL



Garden Ausdal med løa i forgrunnen.

Bildet hentet fra «Glimt frå Bjerkreim i gamal tid», trykket 1982.

Foto: Fotograf ukjent.

Me for vidare og kom fram til Austdal, ein gammal fjellgard. Eit gammalt hus eller utløe stod full av høy og var spikra for, men den gode høylukta av fjellgras kunne ikkje stengjast inne.

- Eg måtte tenkja litt. Her på denne vesle plassen var det bestemor vaks opp. Ofte snakka ho


om Austdal der ho og broren Lars sprang ut og inn. Ho var 2 år gammal då far hennar Lars Kalveskog drukna på Ørsdalsvatnet. Dei budde i Kalveskog og han og morbror Torgje, som ho sa, skulle ro ei ku ut vatnet. Kua hadde vore i båt fleire gonger før og vore still og roleg, men den gongen steig ho ut av båten og symde til lands. Båten gjekk rundt og begge mennene datt i vatnet. Ingen kunne symja, dei kava og fekk tak i båten, men kvar gong far hennar fekk tak i båten gjekk han rundt.

Den andre mannen fekk koma seg oppi og kom seg til lands utan årer. Hendinga skjedde berre sju famnar frå land. Etterpå vart broren fødd. Mor hennar selde då Kalveskog og flytta heim til Austdal til foreldra sine med borna. Bestemor snakka ofte om kor gildt dei hadde det i Austdal når dei var små og vaks opp, kor nøysame og takksame alle var i den tida.

Bestefar hennar var flink med hendene til å laga mykje av tre som dei brukte til vanleg, slikt som smørrambrar, koller, fat og skeier. Treskorne krota han ut med fint mønster oppå rista. Ho sa at dei var meir glade når dei fekk eit par nye tresko enn oss når me fekk nye lærsko. Sjølv hadde ho ikkje hatt lærsko på føtene før konfirmasjonsdagen. –

Me sa farvel til Austdal og for vidare. Gangvegen var gammal og hellelagt eit langt stykke så det var godt å gå. Steinane var slitne og har nok vorte trødde av folk og kløvhester i fleire hundre år.

VIDARE TIL BRATTEBØ



Heimehuset og kvernhuset på Brattebø 1945.

Foto: Magnus Espeland, Kverneland.

Me gjekk innover til Brattebø og hadde Lauarvatnet på høgre sida. Då me kom fram til gards måtte me undra oss kor fint og koseleg det var med heile garden innekransa av småskog.

Brattebø ber namnet sitt med æra, for det var berre bratte bakkar å sjå med skogkratt inn i mellom. For moro skuld la me oss ned i ein bakke og skulle prøva om me kunne trilla av oss sjølv og det gjorde me så fort at me fekk mest ikkje stansa før me var heilt nede. Hovetumla og sjanglete vart me, og lo så av oss sjølv og heldt slikeit leven at me vart heilt matte. Men det friska å få le godt og så hadde me ikkje anna moro enn den me laga sjølv.

Eit gamalt grått hus stod att som dei brukta til gjærarbu, men døra var låst så me slapp ikkje inn. Det var ei mengd med blåbær kor me snudde oss, me henta berre i munnen, hadde ikkje tid til meir for me skulle vidare innover til Kvitli.

SÅ TIL KVITLI

Det ligg ikkje langt frå Brattebø, vel 1 km. Då kom me fram til ein heilt flat gard, to elvar skjer opp garden i holmar og øyar. Det måtte ikkje vera spørk når flaumane kjem på ein slik gard, då ligg vel det meste av garden under i vatn.

Det stod ei einsleg lita hytte, ho var ny og det rauk kraftig or pipa så det måtte bu folk. Me visste det budde ein gamal mann, helst ein original, som ikkje lika framande .

Tru om han låg inne i dette fine veret, me såg ikkje liv. Dette var spanande og me stiltra oss fram til hytta, banka på og kikka inn. Jau, greitt der låg han fullt påkledd på senga og røykte og såg ikkje farleg ut. Han fyrde godt i omnen så det berre hoppa i kjøtgryta. Det var så varmt i hytta at det var ufattelag at han greidde å vera inne. Han sa ikkje mange orda og lika visst ikkje gjester, han var vane med å vera åleine og lika det best slik. Me gjekk ut att og fann ein høveleg stad å koka kjelen, etter så dryg ein marsj var me passeleg svoltne og det smaka godt med mat.

Nokon hadde fotoapparat med og tok bileter, me bada i elva og hadde det moro. Elva hadde så lys ein botn, vatnet var så reint, berre til fjells er det slik. Me lika oss godt i Kvitli og tok det med ro ei stund. Der er litt vemodig å gå frå slike einsame gardar og aldri vita om ein får sjå dei att meir.

STILLA TALAR

Det er liksom stilla og fortida talar så sterkt til oss på slike stader, der det har budd folk før i lange tider og nå ligg øyde og forlatte. Me tok på heimveg og gjekk ut att til Brattebø same vegen som me kom, men der tok me ein annan veg som går ned til Bjordal. Det var mykje krattskog og vondt å gå og me fann ikkje gangvegen. Me høyrde doninga av elva som rann djupt ned i dalen til venstre. Der var og blåbær kor me såg men me hadde ikkje noko å henta i så me måtte berre gå frå dei. Me vassa i lyng og einer til livet, datt ned i djupe holter og kom oss på føtene att, skreik og lo i kapp. Dette var det verste stykke på heile turen.

BJORDAL

Endeleg såg me Bjordal som ligg ned i ei gryta, då var det ikkje så fælt langt heim til gards. Omlag halvparten av garden er flat og fin, det andre er bakkar .

Elva renn stille og roleg og samlar seg i ein høl som dei kallar Lonæ. Der hadde dei ein stor pram som dei brukta å frakta over seg sjølv og det dei trong.

Me gjekk opp til den innste garden og helsa på folket. Yngste dottera Jofrid var heime, ho og eg gjekk for presten ilag så me var godt kjende. Tri dragande søner var og heime, så me trefte det sers godt. Dei lika det kom folk til gards og bad oss inn.

I bestestova duka dei bordet med fløtekolla, lefsa og allslag godt, ein kunne tru dei hadde venta oss. Me likte oss i ein haug og syntes me var svært heldige.

Dei hadde så fine hus, godt fjøs og løa at det var sjeldan å sjå så langt oppi heia, velstelt og fint var der. Dei hadde berre kløvjeveg til gards eller kanskje det var ein skarve sledaveg.

Tida leid til kvelds og me måtte bryta opp frå det koselege laget. Dei unge følgde oss på vegen og rodde oss over Lonæ i prammen. Så gildt og festleg det var med ein liten rotur. Me takka for oss og tok farvel med dei greie fjellfolka. Me hadde eit heilt stykke å gå like ned til Vassbø, men nå var me så oppkvilde og gode og så bar det nedover heile vegen.

Då me kom til Vassbø var det langt på kvelden og me var sakta litt trøytte, men så var me og samde alle at det hadde vore ein gild tur og me var mange minne rikare .

Solveig Svela

På gamle tomter

nedskrevet av
Alma Vassbø (f. 1915)



Foto: Bjørn Hille, 1990

Ein tur til min barndoms-heim på Brattebø. Titt og ofte har minnene frå barndomstida på Brattebø kome til meg. I mange år har eg drøymt om å koma opp att på den fredelege heiagården for å sjå på gamle tomter.

Ein sundag i juli i 1982 tok me føtene fatt, syster mi Jenny, dotter mi Berit og Amanda, ei

veninne av Jenny. Frå Eike-brekka la me turen inn Austdalen og vidare langs Laugavatnet, mot Brattebø. Det var ein fin varm julidag. Vegen var lang, ja, lengre enn eg kunne hugsa den var. Inne med Laugavatnet måtte kaffekoppen fram. Her er fin utsikt over det langstrakte vatnet. Eg kunne kjenna att bakkane der far slo det saftige fjellgraset. Høyet blei turka og lagt i høystakk. Me hadde og lører her i utmarka. På vinterstid, på skaresnøen blei høyet frakta heim til gards. Der far svinga ljåen i gamal tid, vaks det no ungskog. Men den kronglete stien synte enno. Me undrast på korleis folk og fe kunne koma fram og forbi dei bratte kleivane langs vatnet. Etter fleire timers gange kunne me endeleg sjå ned mot Brattebø. Synet av huset, tuftene, ræge og vollane fekk minnene til å strøyma på.

Berit fyrte under kjelen og kaffilukta fekk meg tilbake til kvardagen. Det gjorde godt for ein sliten kropp å setja seg på langbenken ved glaset med ein varm kaffikopp mellom sprukne fingrar.

8 ÅR DÅ ME DROG

Tenk det er nesten 60 år sidan me flytta i frå Brattebø til Hytland. Den gong var eg berre 8 år gammal. Hausten 1923 pakka me saman vårt og drog frå garden for godt.

Me var tidleg oppe den morgenon, før det var lyst, Alfred Hovland og Olav Vinjerud som budde på Eik var kome for å hjelpa oss. Eg minnast me ungane var veldigt i farten og forvetne på alt ståket. Dyra blei jaga ut, hønnene flaksa og kakla i kassane dei stod i. Det bar avstad med hest og slede mot Eik og Vassbø. Dagen gjekk med før me nådde Vassbø. Om natta låg alle hjå Bergit og Lars. Me ungane fekk leikekamerater her. Eg og Jenny hadde fått nye fine raude kåper med kvite knapper i, kan tru me var fine. Hanna Gjedrem på Birkemoen hadde sydd dei.

TUNGSAMT OG SLITSAMT

Der eg sat med kaffi-koppen i handa og minnest, hadde far sete til bords, sliten og trøyt etter mange harde arbeidstimar i slåttemarka, i vedaskogen, på jakt, etter rydnings-arbeid, eller etter ei lang reise ned til bygda etter varer me trond til gards. Om vinteren blei skia flittig brukt, når typesnarene blei sett rundt i liane.

Vilhelm, bror min, skulle ein gong av stad til byen for å selja ryper han hadde fanga. Det var like før jul, og han måtte handla med seg ein del varer heim. På heimvegen var veret dårleg med tung snø og slapseføre. Med børa på ryggen blei det ei tung reis. Inne i enden av Laugarvatnet måtte Vilhelm kvila ei stund. Han var blaut, kald og dødstrøytt. «No må eg ikkje sovna». sa han til seg sjølv «Hald deg vaken til kreftene kjem att».

Heime gjekk mor og tykte Vilhelm blei sein. Ho tok på seg skia og gjekk utetter for å møta sonen sin. Langt borte kjende Vilhelm noko rista i han og ropte navnet hans. Han hadde sovna og mora fann han og fekk ruska liv i han att. «Hadde ikkje mor kome så hadde eg aldri vakna att», sa Villheim seinare.

VAR DOKTOR SJØLVE

Dei som budde inne i heia måtte klare seg sjølv på alle måtar. Var nokon sjuke eller hadde skada seg, var det langt til doktor. Eg minnest ein gong Halvard, bror min, skulle avstad for å slipa nokre ljåar. Han tok snarvegen ned den bratte vollen til slipesteinen. Brått sklei han og datt ned i bekken. Då han kom heim blødde han stykkt frå eit djupt sår i handa. Han vaska av det verste blodet, fann fram nål og tråd og sydde at såret sjølv. Såret blei godt att. Halvard var ein hardballe, tykte me. Doktor var det vanskeleg å få opp i heia. Ein gong far skamfor seg i ein fot, heiv han seg

på hesten og reid sjølv til doktoren. Tenk på alle ungane som kom til verda her inne. Oftast gjekk det godt med dei enkle hjelpe midla dei rådde over.

MYKJE Å TA SEG TIL

Dagane var lange, fylte med gjeremål. Me ungane hadde mykje å ta oss til. Om vinteren gjekk me på ski, om sommaren hjelpte med til på garden eller leika rundt i liar og på vollane, om våren og hausten kom gjetarane med sauene sine.

Eg minnest det var stas når Arne Gjedrem kom opp og såg om sauene. Han la seg på benken for å kvila. Eg sette meg på ein stol ved sidan av for å drøsa om allslags. Det var alltid gildt når det kom folk til gards.

MINNER OG TUFTER ER ATT

Etter ein kaffi-sknett og ein matbete for me ut for å ta i augesyn dei gamle plassane. Tuftene etter det gamle summarfjøset og kvernhuset, eg tykte endå eg høyrd lyden når far mol kornet. – Knurr - murr, knurr - murr – miljøet seig ut mellom kvernsteinane.

Eg likte ikkje alltid grauten som blei laga av det heimemole mjølet. Den vart så svart. Eg brukte mjølet som skjellsord då eg var liten. Når eg var sint på Halvard, sprang eg etter han og ropte «halvmøl – halvmøl».

Hengebrua der me jaga geitene over var borte. Me hadde ein gong ei geit som far kalla for Skonkjæ (skånen). Ho for alle stader. Ein gong for ho inn døra midt på huset, gjennom gangen og ut gjennom eit vindauge på andre sida, så glassbitane fauk.

KVITLEN


Kvitlen var nabogarden i aust, omlag ein halv-times gange frå Brattebø. Mellom dei to heiagardane ligg restane etter ein gamal plass. Der var far min fødd. I alt var dei sju sysken. Tenk at her kunne leva opp ein stor familie.

I Kvitlen er det flatt og fint. Hustuflene ligg på moen mellom dei to elvane frå Hommi og Kvisladalen. Graset er høgt og grønt. Sauene kosar seg i sommarsola. Her rår fred og ro.

Turen ned frå Brattebø til Bjordal var verre enn eg hadde tenkt. Fleire stader går stien heilt ut på kanten mot ei strid elv, nede i avgrunnen. Her måtte me vere ytterst forsiktige, kor me fota oss. Men ned kom me, ei erfaring og eit minne rikare. Tru om eg kjem ditt opp igjen? Om ikkje så har eg i alle fall minnene.

Alma Vassbø

GARDEN BRATTEBØ



Kartreferanser:

- (1) = garden Brattebø
- (2) = nærmeste nabogard Kvitlen
- (3) = vegen til Austdal
- (4) = vejen til Bjordal
- (5) = vejen til Homme
- (6) = vejen til Øyestøl og Skreå
- (7) = herfra kommer kvernevatnet til Brattebø
- (8) = grensa til Kvitlen mellom disse tre punktene
- (9) = grensa til Bjordal mellom dette punktet og fjelltoppen Hest (8)
- (10) = grensa til Austdal mellom disse punktene og (9)
- (11) = grensa fortsetter videre i rett linje utenfor kartet
- (12) = driftavegen opp fra Bjordal